

Programstyremøte fransk torsdag 12/6-14,

kl. 1215-1400, rom 400

Dagsorden:

- 1) Godkjenning av dagsorden og referat fra forrige møte
- 2) Orienteringssaker
- 3) Evt. endringer av emner, med utgangspunkt i fagutvalgets rapport «Diskusjon fagkritisk dag 6. mars 2014» (vedlegg 1):
 - a. Litteraturhistorie på 100-nivå
 - b. Problem med tredelte fag (FRAN103, FRAN114 og FRAN302)
 - c. Historiepensum i FRAN103
 - d. Pensum på fransk i FRAN101
 - e. Alternativ pensumordning i FRANDI301.
- 4) Rapport fra Harald, Margery og Øyvinds møte med dekanatet vedr. OFNEC, v/ Harald
- 5) Behov for å endre kodene for FRAN303 og 304, slik at det fremgår hvilken disiplin det er (FRAN303LING eller FRAN303LITT), v/ Margery
- 6) Programendringer i den integrerte lektorutdanningen:
 - a. Emnet i fag to må være et 250-emne, da bacheloroppgaven skal skrives i fag to. Vi må derfor avgjøre om vi vil tilby FRAN251L på 10 stp (tilsvarende FRAN201 minus oversettelse) i tillegg til 253L for å gi lektorstudentene flere valgmuligheter.
 - b. Vi må lage emnebeskrivelser for FRAN302L og FRAN303/304L (10 stp), som skal være klare innen 15. september.
- 7) Evt. behov for fast referansestil til bachelor- og masteroppgaver.
- 8) Fakultetet gjennomgår dokumentene som brukes i forbindelse med disputas. Vi er bedt om å godkjenne disputasleders manuskript på fransk. (vedlegg 2 og 3)
- 9) Desislava Nikiforovas prosjektbeskrivelse. (vedlegg 4)
- 10) Eventuelt.

Diskusjon fagkritisk dag 6. mars 2014

Litteratur

Vårsemesteret på masternivå er tungt grunna mange litterære verk. Studentane syns det er dumt med ingen litteratur i haustsemesteret, medan det på våren er eitt heilt emne på 15 studiepoeng med litteratur (Fran303/304) samstundes som ein av dei tre komponentane i Fran302 er litteratur (5 studiepoeng). Totalt utgjer dette omlag 10 litterære verk.

Mykje eldre litteratur, ein saknar òg nyare litteratur og meir utradisjonell litteratur. Lektorstudentar saknar litteratur som kan vere aktuell å nytte i undervising i skulen, for eksempel paralitteratur, ungdomslitteratur eller utvalde verk av litt lettare vanskegrad.

Det var mykje frustrasjon blant studentane på 100-nivå i fjor, noko som vart teke opp på dåverande tidspunkt.

Fleire studentar etterlyser litteraturhistorie (gjerne som eige fag) med ei kronologisk framstilling for lettare å få det store overblikket. Som eit forslag til løysing kan ein til dømes lese bøkene i kronologisk rekkefølge slik at ein ikkje heile tida hoppa fram og tilbake i tid.

Tredelte fag (t.d. Fran 103, Fran 114, Fran 302)

Problem: anten vert emna veldig tunge, fordi ein går i djupna i alle dei tre komponentane, med det resultat at eit 15poengsemne i realiteten kjenst som mykje meir enn fem poeng per komponent, eller så skrapar ein berre overflata i dei ulike emna, slik at ein føler ein ikkje har nok kunnskap i dei aktuelle emna etter fullført eksamen (omfanget av 5 poeng er avgrensa).

Ein samla karakter i tre gjerne heilt ulike emne syner ikkje den reelle kompetansen ein innehar. T.d. kan ein få den samla karakteren B i Fran103 dersom ein har fått A på historie, A på frankofoni, og C på omsetjing. Ein arbeidsgivar vil ikkje ut frå ein B på vitnemålet sjå at studenten har strålende resultat i to av tre delar. Vil det vere mogleg å syne alle dei tre delkarakterane på vitnemålet?

Fran 302 Grammatikk

Harald Ullands tilbod med prøveeksamen i FRAN302 med retting er svært godt likt av studentar som har teke dette faget. Det opplevast som god førebuing til skuleeksamen. Studentar har også gitt uttrykk for at faget *Expressions figées* med Ulland var eit kjempekjekt fag.

Politikk og samfunnsfag

Fleire av studentane har uttrykt at ein gjerne skulle hatt meir om fransk samfunn og politikk. Fagprogrammet til UiO (eksempelvis Fransk Kulturkunnskap I og II) vart nemnt i denne samanhengen og fleire vurderte å søke UiO framfor Bergen på grunn av eit betre tilbod der.

Er det tenkjeleg å opprette eit samarbeid med UiO i desse faga, slik som ein har med NTNU i FRAN305.

Omsetjing

Omsetjingsemna har vorte drøfta og evaluerte før, og i fjor utarbeidde ein omsetjingskomité retningslinjer for faget. Det er framleis stor skilnad på kva ein gjer i praksis og kva som står i retningslinjene. Kva og korleis det vert undervist på omsetjingsforelesingane er veldig personavhengig. Ein må informere dei som skal forelese i omsetjingsemne KVA som er venta av dei: dette kan ein t.d. gjere enkelt ved å syne til retningslinjene som vart utarbeidde av komiteen. Praksis er ofte at ein omset ein tekst i forkant av førelesinga som ein får attende retta, og at ein går gjennom teksten på førelesinga. I denne samanheng er det ytra ynskje om meir konkrete fokusområde, at ein knyt den aktuelle omsetjinga ein har jobba med opp mot grammatikk og omsetjingsteori. Fleire studentar saknar kunnskap om omsetjingsteori. Kunne dette vore introdusert på 100-nivå då ein startar med omsetjing?

Vidare er det vanskeleg å vite kva ein skal øve på til eksamen, då den består av «tilfeldig» valde tekstar, gjerne avisartiklar. Ein student som tilfeldigvis innehar det ordforrådet ein treng for å omsetje eksamensteksten vil automatisk gjere det betre enn andre studentar, utan at dette ikkje treng å bety at studenten er betre å omsetje generelt sett. (Døme: ein kan vere heldig å få ein tekst som inneheld idiom ein har høyrte før og som ein dermed kan omsetje korrekt). Det vert etterlyst moglegheit for å kommentere omsetjingsvala ein har teke på eksamen, at ein kan få grunnlag kvifor ein har valt ei særskild vending over ei anna (omsetjingsteori). Sjølv om ein då ikkje har valt dei beste løysingane i omsetjinga, vil studenten likevel kunne syne stor grad av refleksjon og at han/ho har teke medvitne val. Dette har vorte drøfta med Harald Ulland i etterkant (Fran302), og han stiller seg positiv til at studentane har moglegheit til å kommentere nokre av omsetjingsvala sine på eksamen.

Dersom det ved å implementere teori/grammatikk i omsetjingsemna vert for stort omfang, vil det kunne vere aktuelt å omorganisere faget/faga, og samle omsetjing til eit 15poengsemne. Dette vil i tillegg kunne føre til færre tredelte emne (sidan omsetjing ofte er ein av dei tre komponentane i dei tredelte emna).

Er det mogleg å opprette eit «kontrollorgan» som kan kontrollere at/om dei retningslinjene som er bestemte (m.a. av omsetjingskomiteen) vert følgde? Omsetjingskomiteen gjorde ein enorm (frivilleg) innsats for å betre omsetjingsemna. Likevel ser ein allereie at trass alt arbeidet har det ikkje ført til endring i praksis: emna vert i stor grad gjennomførte som tidlegare. Nokre førelesarar følgjer (dei nye) retningslinjene, men problemet er at det er personavhengig, og ganske «tilfeldig». Studentane veit ikkje kva dei skal øve på, og heller ikkje alltid kva som er venta av dei.

Studentar på FRAN302 merkar seg at Hilda Hønsi ikkje har fått nok informasjon om korleis ho skal undervise i dette faget. Det verkar ikkje som ho er opplyst om arbeidet til omsetjingskomiteen. Til dømes har vi hatt to litterære tekstar, men det er ikkje tekstar vi har på pensum i FRAN302 litteratur. Dette med omsetjing av litterære tekstar frå pensum gjeld begge vegar i dette faget. Studentar likar kursa til Hilda Hønsi i FRAN302. Ho har utarbeida eit godt system for tilbakemeldingar på tekstar. Både ho og Sebastien gir ekstra tilbakemeldingar til lektorstudentar som ikkje har høve til å komme til timen grunna praksis.

Andre forelesarar i omsetjing kan gjerne ta ein kikk på korleis ho gir tilbakemeldingar. Det kan vere tenleg om dei som underviser i dei ulike omsetjingskomponentane snakkar saman om korleis dei gjennomfører faget, og på denne måten kan lære av kvarandre.

Fran 103

Historieboka *Histoire de France* av Carpentier og Lebrun har vore på pensum i mange år, trass i at den har vorte kritisert fleire gonger (vi veit mellom anna at dette vart kritisert i 2007 og 2010). Studentane undrar seg over kvifor kritikken ikkje vert teken til følgje, særleg når den er gjennomgåande og vedvarande. Igjen vert det nemnt at det kan vere lurt med «kontrollorgan». Kva er poenget med å evaluere faget, når praksis forblir den same? Studentane seier forelesar i emnet ikkje refererer til den aktuelle pensumboka i særleg grad, og då ser ein iallfall ikkje poenget med å skulle behalde den, når ei anna historiebok vil kunne gjere same nytten. Fleire studentar (på alle nivå, som alle har teke historie på Fran103 til ulike tider) seier at denne pensumboka er sær demotiverande og eit hinder for læring. Fleire har vurdert å slutte på fransk mellom anna som ei følgje av møtet med denne boka. Hadde det vore eit alternativ å lage ei pensumliste med ulike historiebøker ein kan velje mellom? Ettersom dette er på 100-nivå og studentane er relativt nye på universitetet, er det ikkje alle som er klar over at ein med fordel kan bytte bort denne boka med noko ein finn sjølv.

Seminara på Fran103 der ein har artiklar og samtalar på fransk fungerer bra, gjer pensum enklare og lettare tilgjengeleg, samt at ein får munnleg trening.

Fran 101 Grammatikk

Dette framstår som eit tungt emne for studentane på 100-nivå og ein av studentane kalla det til og med for eit fråfallsfag fordi det opplevast som vanskeleg. Ein nyttar andre termar enn dei ein har lært semesteret før på Ex.fac. (Språk og kommunikasjon), og det er òg store nivåforskjellar mellom studentane: nokre kjem direkte frå vidaregåande skule og har lite språkkompetanse frå tidlegare, andre har gjerne teke høgare nivå i andre framandspråk og er kjende med terminologien. Vidare er førelæsningsplanen lagt opp slik at studentane har seks (!) timar forelesing i strekk ein dag annakvar veke. Dette gjer det vanskeleg å ta inn all informasjonen som vert gitt, og ein mistar dessutan kontinuiteten i språklæringa. Når ein lærer eit framandspråk har ein lyst og behov for å nytte dette regelmessig, og ikkje ein gong kvar andre veke.

Det er òg nemnt at pensumboka, *Ny fransk grammatikk* av Helland, er vanskeleg å lese utan oppfølginga ein får på forelesingane. Dette er ei god bok, men den er tung for studentane på 100-nivå, og termane er ikkje dei same som på Ex.Fac. (sjå over). Når ein uansett nyttar andre termar, lurar studentane på kvifor denne boka er på norsk. I seinare grammatikkemne på høgare nivå har ein pensumbøkene på fransk, og ein vil då måtte lære seg endå fleire nye termar. At pensum er på norsk vil sjølvsagt kunne lette innlæringa, men når no emnet Fran 100 Innføringsemne i fransk kjem frå hausten (vil kunne erstatte ex.fac), vil dette gjere innlæringa og overgangen lettare, slik at studentane gjerne er klare for grammatikkemne med pensum på fransk frå våren av (Fran 101).

Forslag til endringar: 2 timar forelesing og 2 timar seminar kvar veke. Studentane ynskjer seminar med praktisk oppgåveløysing. Dersom dette er vanskeleg å gjennomføre i praksis, kan det vere eit alternativ med oppgåvehefte med fasit. Eventuelt at forelesarane oppmodar til og hjelper å organisere studentstyrte kollokviegrupper. Kan det vere eit alternativ å nytte t.d. masterstudentar som seminarleiarar?

Studentevaluering

Studentane ynskjer at alle emna skal verte vurderte alle åra, og at desse evalueringane skal handsamast og verte tekne vare på. På denne måten vil ein kunne fange opp vedvarande kritikk/misnøye, og gjere endringar der det trengs. Studentane saknar at eventuell kritikk vert teken til følgje. Det er òg eit problem med manglande kommunikasjon på tvers av disiplinær innad på fransk, mellom førelesarane (til dømes innad i FRAN302). Om kommunikasjonen hadde vore betre, ville gjerne ein del av problema kunne løysast relativt enkelt.

Lektorutdanninga

Studentane på integrert lektor føler seg til tider oversett og gløymde. Studentane må sjølv, så fort timeplanen er klar, ta kontakt med leiinga (gjærne fleire gonger) for å informere om at forelesingar, innleveringar og/eller praksis er sett til same tidspunkt/krasjar. Det at studentane går glipp førelesningar (ofte nesten ein heil modul, i vår gjeld dette FRAN302 omsetjing) er ikkje ei tilfredstillande løysing og studentane har inntrykk av at det ikkje vert teke alvorleg av forelesarane. I denne samanheng ser studentane det naudsynt at det finnst ein slags koordinator som har oversikt over dei franskstudentane som går på lektorprogrammet og som kan kommunisere på tvers av disiplinane, slik at emna vert koordinerte. Det er ofte lettare for lektorstudentane om franskfaga vert lagde til etter kl.14.

Ein bør ivareta lektorstudentane allereie frå 100-nivå, slik at desse ikkje dett av undervegs i løpet: studentar som går integrert lektor har ofte lyst til å engasjere seg (både fagleg og sosialt) av di dei veit dei skal gå løpet ut (fem år, master i fransk). Desse studentane kan vere ein stor ressurs for franskfaget (stabilitet og engasjement), og det er difor ekstra synd at dei ikkje føler seg godt ivaretekne.

Det er positivt at lektorstudentane kan få velje emne fritt første året på master (kva for eit femtenpoengsemne dei vil ta haust og vår). Dette ynskjer dei skal fortsette å vere valfritt (at dei ikkje skal vere nøydd til å ta t.d. dei obligatoriske emna Fran301 haust og Fran302 vår).

Fransk Didaktikk

I FRANDI301 skal studentane sette saman eiga pensumliste på 750 sider. Dette opplevast som svært krevjande og ikkje spesielt nyttig. Ein del av pensum er knytt til semesteroppgåva på 4000 ord, så pensum knytt til denne er nyttig, men ettersom det ikkje er spesielle oppgåver knytt til resten av det valfrie pensumet, opplevast dette som bortkasta og unødig mykje arbeid i eit semester som frå før av er svært tungt med 8 veker praksis og 5 eksamenar.

Forslag: studentane ynskjer forslag til pensumartiklar dei kan lese for å førebu seg til kvart tema.

Er det mogleg at praksisskulane (rettleiar på skulen) evaluerer påhøyra?

Samarbeidsavtaler

Studentane ser verdien av dei ulike samarbeidsavtalene med andre land/universitet, og set pris på både moglegheita til å reise ut, men òg til å ta i mot utvekslingsstudentar. Franske studentar som held gjesteforelesingar, kurs i skrivetrening m.m. er ein enorm ressurs for dei norske studentane som tek fransk. Her må det passast på å gi studentane beskjed om det som skjer. Bruk gjerne Fagutvalget som kanal i tillegg til e-post, mi side og munnleg beskjed på førelæring.

Fagmiljø

Det opplevast positivt med så tett kontakt mellom studentar og tilsette. Både det sosiale og faglige miljøet opplevast som godt. 100- og 200-studentar vil også gjerne vere med på *seminaire français*, men då må dei få beskjed når dette tek stad.

Utteksling

Det er positivt med Internasjonal dag og andre informasjonsmøte om utveksling. Studentane saknar meir informasjon direkte knytt til utveksling til fransktalande land/område, både på bachelor- og masternivå. Det hadde vore fint dersom forelesarane kunne gitt opplysningar knytt til dette på informasjonsmøta i starten av semesteret, t.d. datoar for Internasjonal dag/informasjonsmøte om utveksling, fristar for å søkje, informere om rapportane frå tidlegare utvekslingsstudentar som ligg på nett (t.d. legge ut link og informasjon på MiSide).

Ikkje alle studentar veit dei kan reise ut på master-nivå og saknar tidleg informasjon om dette. Ein kan til dømes opplyse om ulike stipend ein kan søke på i Legathandboka. Fagutvalet kan òg stille her med arrangement der studentar som har vore på utveksling kan seie nokre ord om opphaldet og praktisk informasjon. Det er viktig at lektorstudentar vert opplyste om kvar dei kan ta fransk didaktikk, til dømes i Lyon, Chambéry, Montréal og Lille (?) OG at det er mogleg å ta dette over nett om ein ikkje finn noko universitet med dette faget.

Generelt

Studentane ynskjer å få høve til å praktisere språket meir munnleg.

Studentane etterlyser meir praktisk skrivetrening på fransk i gjennom studiane.

(Disputasleder leser opp)

(Kandidatens navn)s doktordisputas

...dag, måned, år, kl.

Master i xx/Cand.philol (eller annen tittel). søkte i brev av om å få fremstille seg til PhD/dr.philos-graden ved Universitetet i Bergen med avhandlingen:

(Avhandlingens tittel)

Grunnlaget for søknaden var følgende:

1. Mastergrad/Cand.philol grad
2. Godkjent deltakelse i opplæringsprogrammet i PhD-utdanningen.
3. Innsendt avhandling.

Det humanistiske fakultet vedtok å gi adgang til å fremstille seg for PhD-graden og oppnevnte etter forslag fra institutt følgende bedømmelseskomite:

Professor (navn og institusjon)

Professor (navn og institusjon)

Professor n.n., ved institutt for fremmedspråk, Universitetet i Bergen, har vært komiteens leder.

Etter innstilling fra bedømmelseskomiteen har Det humanistiske fakultet funnet avhandlingen verdig til å forsvares for PhD-graden

Doktoranden har den..... holdt prøveforelesning for PhD.-graden over følgende oppgitte emne:

”Emne prøveforelesning”

(For dr.philos: selvvalgt emne og oppgitt emne)

Bedømmelseskomiteen har godkjent forelesningen, og doktoranden skal i dag forsvare sin avhandling. Som ordinære opponenter er oppnevnt:

1. opponent: Professor
2. opponent: Professor

Det blir en pause på 30 min. mellom innleggene til 1. og 2. opponent.

Det er anledning til å opponere ex auditorio. Ønsker noen å opponere ex auditorio, må dette meldes til disputasens leder før ordet gis til 2. opponent. Eventuelle opponenter ex auditorio vil få ordet før 2. opponent, dvs. umiddelbart etter pausen.

Jeg gjør også oppmerksom på at de utlagte avhandlingene er låneeksemplarer, som må leveres tilbake når disputasen er over.

Jeg vil anmode publikum om å slå av mobiltelefonen under disputasen.

Jeg vil be doktoranden innta sin plass på høyre kateter (*høyre kateter sett fra salen*)
Kandidaten vil nå gjøre rede for hensikten med og resultatet av den vitenskapelige undersøkelsen.

Jeg gir ordet til doktoranden.

* * *

Jeg takker doktoranden for hans/hennes presentasjon og ber førsteopponenten innta sin plass på venstre kateter.

Jeg gir ordet til 1.opponenten.

* * *

Det blir nå en pause frem til kl.....

Opponent ex auditorio:
(Jeg gir ordet til)

2. opponent har ordet.

* * *

Disputasen er nå slutt.

Det vil bli sendt innberetning om disputasen til Universitetsstyret.

På vegne av fakultetet vil jeg takke komiteen for vel utført arbeid, og opponentene for deres innlegg.

Til slutt vil jeg, fremdeles på vegne av fakultetet, få lykkeønske doktoranden.

NB! Minn om tilbakelevering av avhandlingene.

LEÇON DOCTORALE

Mesdames, messieurs, les membres du jury, chers collègues, chers amis...

Je suis heureux/se de vous souhaiter la bienvenue à cette leçon doctorale.

Le sujet dontva nous parler aujourd'hui est:

.....

....., je vous cède la parole./, c'est à vous!

Je vous remercie.

Le jury va maintenant se retirer pour délibérer.

Je vous rappelle que la soutenance a lieu demain à..... dans l'auditorium.....

POUR LA SOUTENANCE DE THESE DE

Le.....,a sollicité, auprès de l'Université de Bergen l'autorisation de soutenir sa thèse en vue d'obtenir le titre de PhD.

La thèse de est intitulée :

.....

.....

Sa demande était accompagnée d'un dossier comprenant:

1. Ses diplômes universitaires attestant qu'elle a obtenu le titre norvégien de « cand. philol. ».
2. Une attestation prouvant qu'elle a accompli le programme de formation requis.
3. La thèse à soutenir.

La Faculté des Lettres a nommé le jury suivant:

....., professeur(e) à l'Université de.....

....., professeur(e) à l'Université de.....

Et....., de la Faculté des lettres de l'Université de Bergen, qui est président(e) du jury.

Le jury s'étant prononcé favorablement, la Faculté des Lettres a accordé à l'autorisation de soutenir sa thèse de doctorat.

Hier,, a donné sa leçon doctorale sur le sujet imposé suivant:

.....
.....

Le jury ayant approuvé cette leçon, la candidate va aujourd'hui soutenir sa thèse. Pour discuter la thèse avec la candidate ont été nommés :

Premier rapporteur :, professeur(e) à l'Université de.....

Deuxième rapporteur :, professeur(e) à l'Université de

Il y aura une pause d'environ minutes entre les deux interventions. Les personnes qui désireraient intervenir "ex auditorio" sont priées de me signaler leur intention au début de la pause ; elles auront la parole immédiatement avant la deuxième intervention.

Je vous signale également que les exemplaires de la thèse qui ont été mis à votre disposition appartiennent à la Faculté, et doivent être rendus après la soutenance.

Nous demandons à tous ceux qui sont présents dans la salle de bien vouloir éteindre leurs téléphones portables.

We kindly request that the public check that their mobile phones are turned off.

J'invite maintenant la candidate à prendre place à droite (pour le public) pour nous donner une première introduction à son travail de recherche.

Je cède la parole à la candidate.

Je remercie de sa présentation, et j'invite le premier rapporteur à prendre place à gauche (pour le public) et à commencer son opposition.

Il y aura maintenant une pause d'environ min., ce qui veut dire que la séance reprendra à ...

Il y a x intervenants *ex auditorio* / Personne ne désire intervenir *ex auditorio*.

Je cède la parole au deuxième rapporteur.

La soutenance est terminée. Le jury enverra son rapport au Conseil de l'Université.

Permettez-moi, au nom de la Faculté des Lettres, de remercier le jury pour son excellent travail, et tout particulièrement ceux de ses membres qui sont intervenus au cours de la soutenance. Et finalement, toujours au nom de la Faculté, je tiens à féliciter le/la candidat(e).

Minn om tilbakelevering av de utlagte avhandlingene.

Je vous rappelle que les exemplaires de la thèse qui ont été mis à votre disposition appartiennent à la Faculté, et doivent être rendus.